



Smittevernreglar ved bruk av grendehus

- Det skal vere ein namngjeve ansvarleg for arrangementet som er kjend med smittevernreglane og som ser til at desse vert følgt
- Alle arrangement skal vere meldt inn til servicekontoret med kontaktinformasjon til ansvarleg arrangør
- Det kan etter føresegna være inntil 200 personar i lokala ved offentlege arrangement ved tilviste plassar og 30 utan tilviste plassar. Dog ikkje fleire enn at det er mogleg å halde 1 meter avstand for folk som ikkje er i same husstand. For private arrangement er grensa 30 personar.
- Det påbode å nytte munnbind
- Alle skal nytte handsprit ved inngang. Arrangør må sjølv skaffe dette
- Alle skal skrive seg inn og ut av besøksprotokoll som skal oppbevarast av arrangør i 10 dagar før dei vert makulert
- Kontaktflater som dørhandtak, lysbrytarar, toalett, vaskar o.l. skal reingjerast etter arrangementet. Bruk ferdigblanda reingjeringsmiddel og mikroklutar eller papir. Handsprit skal ikkje nyttast til reingjering. All søppel skal fjernast
- Det er ikkje lov å lage mat på grendehuset, men det er lov å anrette samt varme ferdig tilbereda mat på kjøkkenet. Det er lov å nytte kjølerom/kjøleskap dersom desse vert vaska før og etter bruk
- Dersom ein nyttar bestikk og dekketøy skal dette vaskast fortløpande
- Lokala samt bord/stolar skal vaskast med godt såpevatn straks etter bruk

Desse reglane er gjeldande frå og med 14. januar 2022

Kriseleiinga Åseral kommune
14. januar 2022

